

# **Retningslinjer for grendautval i Kvam herad. Vedteke i HST 19.05.2015**

## **1. Sjølvstendige rettssubjekt**

Grendautvala i Kvam herad er sjølvstendige rettssubjekt. Dei er organisert som sjølveigande foreningar. Kvart grendautval skal ha sitt eige styre og sitt eige stiftingsdokument.

## **2. Registrering i Einingsregisteret**

Alle grendautval i Kvam skal registrerast i Einingsregisteret jamf. Enhetsregisterloven § 4, slik at grendautvala får sitt eige organisasjonsnummer. Grendautvala har sjølve ansvar for at foreninga blir registrert i Einingsregisteret, og at opplysningane er oppdaterte.

## **3. Føremål**

Grendautvala skal gjennom høyringsuttalar, innspel til kommunale planar, gjennom eige initiativ til saker og tiltak, fungere som innbyggjarane i grendene sitt talerøyr opp mot Kvam herad spesielt, men også i møte med andre offentlege instansar generelt. Grendautvala skal ikkje fungere som ein-sidede lokale pressgrupper, men skal kunne sjå lokale tiltak i eit samordna kommunalt perspektiv. Grendautvala skal arbeide for trivselstiltak i grenda, og då gjerne i samarbeid med andre lag og organisasjonar.

## **4. Samarbeid**

Grendautvala bør ha eit nært samarbeid med Kvam herad, lokale lag og organisasjonar når det gjeld planlegging og gjennomføring av tiltak. Kvam herad nyttar grendautvala som ein viktig høyringspart i saker der det er naturleg at grendautvala uttalar seg t.d når det gjeld kommunale planar, og i arbeidet med kommuneplan og kommunedelplanar der det er ønskjeleg at grendautvala kjem med innspel om areal for næring og bustad.

## **5. Økonomi**

Grendautvala i Kvam får utbetalt eit fast tilskot frå Kvam herad. Det vert sett av ein fast årleg sum til drift av grendautvala på budsjettet for heradet. Grendautvalet fører sjølv rekneskap for kvart år. Det skal kvart år sendast inn årsmelding og rekneskap til kommunen. Grendautvala kan i tillegg søkja om kommunale tilskot til tiltak.

## **6. Medlemer i grendautvala**

Alle som har fast bustadadresse i den einskilde grenda og som er manntalsførde, blir rekna som medlemer.

## **7. Røysterett og val**

Medlemene i grendautvalet har røysterett og kan veljast til styre.

## **8. Årsmøte**

Tid for årsmøte, innkalling og sakliste:

Årsmøte skal haldast kvart år i første kvartal og er det einskilde grendautval sitt øvste mynde. Innkalling til årsmøte skal skje med minst 2 vekers varsel, direkte til medlemene eller ved kunngjering i pressa. Forslag til saker som skal behandlast på årsmøtet, skal vera styret i hende seinast 1 veke før årsmøtet. Fullstendig sakliste skal

vera tilgjengeleg for medlemene seinast 3 dagar før årsmøtet.

Kven som kan møte på årsmøtet:

Alle medlemmer har høve til å delta på årsmøtet. Årsmøtet kan invitere andre personar til å vera med på møtet, men det er berre medlemene i grendautvalet som har røysterett på årsmøtet.

Endringar i vedtekter:

Det er berre årsmøtet som kan gjere endringar i vedtektene. Saker vedkomande endringar i vedtekter kan berre behandlast dersom dei har stått på saklista til årsmøtet seinast 2 veker før årsmøtet. Andre saker kan behandlast dersom 2/3 av dei frammøtte krev det. Slike avgjerder kan berre takast i høve godkjenning av saklista.

Vedtaksført årsmøte og reglar for røystegjeving:

Årsmøtet er vedtaksført med det talet røysteføre som møter. Kvar røystefør har berre 1 røyst. Røystegjeving på årsmøtet kan ikkje gjerast med fullmakt. Med mindre anna er bestemt, skal eit vedtak for å vera gyldig, vera gjort med alminneleg fleirtal av dei gjevne røystene. Val blir gjort skriftleg dersom det føreligg meir enn eitt forslag. Berre føreslegne kandidatar kan førast opp på røystesetelen. Blanke røystesetlar tel ikkje med.

Ordstyrar for årsmøtet:

Årsmøtet vel ordstyrar for møtet. Styret for grendautvalet føreslår ordstyrar til årsmøtet. Ordstyrar treng ikkje vera fast medlem i grendautvalet.

Årsmøtet sine oppgåver:

1. Behandla årsmelding
2. Behandla rekneskap
3. Behandla innkomne saker
4. Utføra val av styre kvart andre år.

Ekstraordinært årsmøte

Ekstraordinært årsmøte vert arrangert når styret bestemmer dette, eller når minst ein tredjedel av medlemene krev dette. Det skal kallast inn til møte på same måte som ordinært årsmøte.

## **9. Grendamøte**

Grendamøte er møte der styret og medlemene i det einskilde grendautvalet diskuterer saker som gjeld grenda, og som styret arbeider med. Grendamøte skal haldast minst ein gong i året og kan haldast samstundes med årsmøtet. Grendamøter som vert halde utanom årsmøtet, skal ikkje behandla årsmøtesaker eller endre på vedtektene til grendautvalet.

## **10. Styret**

Det einskilde grendautvalet blir leia av eit styre på 5 medlemmer. Styret er høgste mynde mellom årsmøta.

Samansetjing:

To av medlemene skal veljast fyrste årsmøtet etter kommune- og fylkestingsvalet. Tre av medlemene skal veljast fyrste årsmøte etter stortingsvalet. Alle medlemene i styret

er valt for 4 år om gongen. Det er høve til å gjere suppleringsval i løpet av perioden dersom dette er naudsynt. Ny representant blir då valt inn for resterande periode fram til nyval i det vervet som det må gjerast suppleringsval til. Dette for å sikre kontinuiteten av drifta av grendautvalet.

Kvam heradsstyre er valnemnd for dei to representantane som blir valt etter kommunestyre- og fylkestingsval medan det fungerande styret er valnemnd for dei tre andre representantane som blir valt etter stortingsval.

Styret konstituerer seg sjølv med mindre årsmøtet bestemmer noko anna. Styret skal ha leiar, nestleiar, kasserar og sekretær.

For å sikre ei god samhandling mellom grendautvala og Kvam herad, får kvart grendautval i Kvam ein fast kontaktperson i Kvam formannskap. Kvam heradsstyre gjennomfører val av kontaktpersonar til grendautvala etter kvart kommunestyre- og fylkestingsval. Kontaktpersonen blir valt for heile valperioden. Grendautvala vel sjølve om dei ønskjer at tildelt kontaktperson skal kallast inn til grendamøte og årsmøte. I dei høve kontaktperson blir kalla inn til møte, har vedkomande forslags- og talerett, men ikkje røysterett.

### **Styret skal ha følgjande oppgåver:**

1. Styret skal representere grenda og grendautvalet
2. Handle i tråd med vedtekne retningsliner og årsmøtevedtak
3. Setje i verk årsmøtevedtak
4. Kalle inn til årsmøte første kvartal kvart år.
5. Kalle inn til grendamøte minimum ein gong per år.
6. Ha ansvar for grendautvalet sin økonomi
7. Følgje med i saker som vedkjem grenda og eventuelt komme med høyringsuttalar på vegner av grenda.

### **11. Oppløysing av grendautval**

Oppløysing av eit grendautval kan berre behandlast på ordinært årsmøte. Dersom oppløysinga blir vedteken med minst 2/3 fleirtal, blir det kalla inn til ekstraordinært årsmøte 3 månadar seinare. På dette møtet må vedtaket gjerast på nytt med minst 2/3 fleirtal. Ekstraordinært årsmøte bestemmer om det sitjande styret eller nokon andre, skal brukast til «avviklingsstyre». Grendautvalet si eventuelle formue blir overført til eit anna allmenntilgjøgning føremål i grenda. Avviklingsstyret finn fram til eitt eller fleire høvelege føremål.

Ingen medlemmer har krav på eit grendautval sine midlar eller part av desse ved ei oppløysing.

### **12. Samanslåing med andre grendautval eller andre foreiningar**

Samanslåing med andre foreiningar blir ikkje sett på som oppløysing, men som vedtak om samanslutning. Vedtektsendringar i høve dette må opp som sak på ordinært årsmøte.

Dersom samanslåing blir vedteke med minst 2/3 fleirtal, blir det kalla inn til ekstraordinært årsmøte 3 månadar seinare. På det ekstraordinære årsmøtet må vedtaket gjerast på nytt med minst 2/3 fleirtal.